

Midtre Haram Storvald SA

Hugseliste for jakta 2024.

Møte på Helland Grendahus Onsdag 28.08.2024 kl. 20.00 – Dørene opnar 19.30 for kaffi og ein prat.

Lagre desse nummer før jakta startar:

Geir Ove Grønli: 930 27 506

Vakttelefon ettersøk: 482 18 398 (Even Otterlei, Yngve Ramnestad, Geir Ove Grønli og Jim Åge Stene)

Jaktfeltleiar skal innan 24t etter felling sende SMS til vakttelefonen til storvaldet.

Vekt, type dyr og skyttar. Husk å melde inn kjønn på kalvar og om det er EK/FK for koller.

Felt dyr skal registrerast på <https://settogskutt.no/login>

Nytt for 2024 er at det er komet en ny app. Vi planleggar for en runde med dette etter møtet for de som ønsker det.

Sett hjort skjema skal først i Sett og Skutt appen etter kvar jakt, også når du ikkje ser dyr.

Husk etterregistrering av vekt på hjorteviltregisteret dersom dyret ikkje var veid da det ble meldt inn.

Innmeldingar på hjorteviltregisteret skal godkjennast av styret undervegs i jakta dette jaktåret.

Rådyr meldast inn kontinuerleg til vald leiar som vil registrere det inn i hjorteviltregisteret.

Det er jaktfeltleder sitt ansvar å sjekke at registrering av sett hjort skjema blir følgt for alle jegerar i jaktfeltet, men kvar enkelt jeger gjer registreringa sjølv. Styret vil kontrollere at dette blir gjort i alle jaktfelt.

Noter dato for når du høyrer beljing første gang.

Alle dyr som er skotne på er å rekne som skada. Ring straks vakttelefon for ettersøk og gi beskjed til styret.

Det er jegeren sin plikt alltid å ha kontroll på kva slags dyr som kan fellast i jaktfeltet. Feilskyting rapporterast til vakttelefonen.

Hovud og skrott skal være tilgjengeleg for kontroll 48t etter varsla felling. Gi beskjed ved flytting.

Ved samjakt/fellesjakt mellom fleire jaktfelt, meld frå til styret på førehand.

Tildelt kvote for MIHAS i 2024 er på 140 dyr. Styret held att 10 dyr til skarp og fordeling.

NB! Det er ikkje fri kalveskyting i 2024

Ta kontakt med vald leiar om kvoten er fylt og det er ønskje om tilleggsdyr. I utgangspunktet så blir det tildelt 1 tilleggs-dyr i gangen. Jaktfeltleiar kan søke når det er att 1 dyr på kvote/tildeling.

Da 2024 er siste år på driftsplanen har oss i år ein utfordring med å komme oss nærmare vår målsetning for avskyting. Vi har de siste årene komet litt skeivt ut med litt for høge uttak av vaksne koller og bukkar.

Vi har også fått kommentarar frå Viltnemnda også for dette og dei forventar at vi gjer tiltak for å nå målsetjingane i planen.

Status etter 4 år.

Tot 2020-2023		Måltall				DIFF %	Diff
Bukk	36.8%	35.0%				-1.8%	9
Kolle	25.0%	20.0%				-5.0%	24
Fjorskolle	12.1%	15.0%				2.9%	-14
Kalv	26.1%	30.0%				3.9%	-19

Tabellen viser at vi har en liten jobb å gjer i å rette på dette og før årets tildeling har det vært nødvendig frå styret å ta nokre grep for å imøtekomme dette. Årets tabellar er endra litt for å auke kalveskyting samt redusere uttak av vaksne koller.

Klar over at dette kan bli litt meir utfordrande jakt messig men det er naudsynt.

Det er og ført inn eit minimumstal på kalv som skal skytast samt ei 50% grense på vaksne dyr.

Jaktfelta er ansvarlege for å halde seg innanfor atal tildelte dyr.

Det skal også i år veljast inn 2 personar frå forskjellige jaktfelt for å hjelpe til med kontrollveging og nedklassing, Dette skal gå på rundgang slik at det blir lik belastning mellom jaktfelta. Kvar kontrollør får utdelt ei vekt til formålet. Kontrollørar kan ikkje kontrollere på eige jaktfelt.

Skrapdyr meldast inn til styret straks, slik at styret får arrangere kontrollveging.

Skrapdyr grensene er 20kg for kalv, 38kg for FK og 41kg for SB

Rekning for fellingsgebyr, sporingsavgift og evt. «100-lapp» til storvaldet sendes ut i.f.m. årsmøtet.

Merk at storvaldet ønskjer berre ei innbetaling per jaktfelt.

Styret vil presisere at også i år vil det bli viktig å forvalte stammen på en god måte, tenk over kva du som jeger vil ha å «leva» av dei kommande åra. (Ref. MIHAS Forvaltningsplan)

Storvaldet si heimeside: www.mih.no

Om du har tips om dokument, informasjon, bilde eller andre ting som burde vere på sida kan du sende inn.

e-post til: anders_leine@hotmail.com eller SMS/MMS til Anders Leine.

Sett også pris på ein god jaktprat og status frå jaktfelta.

Anna nytt for 2024 er at Viltnemnda har vedteke at det skal utførast stikkprøve kontrollar av felte dyr i Haram i 2024.

015/24 - Viltnemnda

Vedtak:

Haram viltnemnd vedtek for jaktåret 2024 at det skal gjennomføres stikkprøvekontroll av

felte dyr i alle jaktfelt/vald i Haram kommune, dette for å kontrollere at det blir gjennomført registrering av riktig felt hjortevilt i Hjorteviltregisteret. Felt vilt og vekt skal registrerast innan 12 timer i hjorteviltregisteret og hode på felt dyr skal oppbevarast i 48 timer for kontroll. Det er viltnemnda som skal kontrollere dette. Sett hjort i løpet av jakten skal rapporteres inn i sett og skutt appen innen 12 timer uansett utfall av jakten.

Grunngjeving; riktig rapportering i hjorteviltregisteret er viktig for forvaltningen av hjortevilt i kommunen.

Heimel:

§32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt og §36 i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst.

BUKKEFELLING, STATUS PR. 1.SEPT 2023

Jaktfelt som har mindre enn 40% av bukkedyting som spissbukk mister retten til å felle eldre bukk til skeivheita er retta opp. Overtredelse vi bli behandla som beskrive i driftsplanen for storvaldet.

Jf.		EB	SB	SB%
22	Håvik	6	5	45.5
23	Skulstad	9	9	50.0
25	Bjørlykke	50	35	41.2
26	Ringstad	17	11	39.3
27	Helland	6	5	45.5
28	Skår	28	30	51.7
29	Skårbrevik	13	11	45.8
30	Indrestrand	18	16	47.1
31	Fanneløp	37	35	48.6
32	Ertresvåg	32	35	52.2
34	Eidsvik	16	28	63.6
35	Fagerli	13	17	56.7
36	Slyngstad S.	27	40	59.7
37	Slyngstad L.	12	9	42.9

Alle jaktfelt utanom Ringstad har fellingsløyve på eldre bukk pr. 1 september 2024.

Vil til slutt minne alle på at det er ute ett høringsnotat for ny viltlov som ligg på heimesida, vel verdt å lese over og evt. Kommentere.

Skitt Jakt 
Styret

Hjortetelling til info,

	2018		2019		2020		2021		2022		2023		2024	
	14-Apr	01-May	13-Apr	27-Apr	17-Apr	01-May	23-Apr	01-May	23-Apr	01-May	15-Apr	29-Apr	06-Apr	
Fjørtoft	20	23	26	23	29	31	31	31	21	18	29	14	24	26
Longva	64	90	67	71	45	56	65	62	31	44	24	35	59	53
Haramsøy	60	56	64	60	66	44	47	58	30	25	23	22	22	18
Lepsøy	50	44	38	42	54	41	44	49	43	38	39	38	41	28
Slyngstad/Tennford	59	76	100	40	56	64	78	92	66	86	79	89	82	25
Søvik/Gryta	90	130	106	40	127	121	131	153	150	107	151	99	117	72
Hildre/Gamlem	233	302	298	179	351	265	298	349	348	290	279	285	303	296
Samfjord/Helland	53	88	61	25	56	52	53	69	56	46	28	32	23	27
Skår/Ertresvåg/Vatneiet	96	110	85	108	109	61	93	124	102	104	90	112	72	44
Vatne/Krogsætra	154	191	181	67	215	128	142	211	110	95	167	126	183	122
Vestrefjord	43	164	84	37	100	111	160	185	141	146	80	115	160	92
Totalt	922	1274	1110	692	1208	974	1142	1383	1098	999	989	967	1086	803
Gjennomsnitt	1098		901		1091		1263		1049		978		944.5	

Tildeling 2024

				2023	2023
Nummer	Jaktfelt	Tildeling 2024		Tildelte dyr	Skutte dyr
37	Slyngstad Lille	4		4	2
36	Slyngstad Store	17		17	18
35	Fagerli	7		7	8
34	Eidsvik	7		7	6
22	Håvik	5		5	3
23	Skulstad	6		5	6
25	Bjørlykke	18		18	18
26	Ringstad	5		5	4
27	Helland	8		8	11
28	Skaar	17		18	17
29	Skårbrevik	5		5	6
30	Indrestrand	6		6	5
31	Fanneløp	9		9	12
32	Ertresvåg	16		16	18
	tot	130		130	134
	Skrapdyr/Extra	10		15	
	TOTAL	140		145	

Opptre aktsamt og ansvarleg, unngå skadeskyting.

Vis toleranse for andre brukarar av utmarka.

ØNSKJER ALLE EI GOD JAKT!

Mvh Styret